

Representanten Helle (AP) har følgjande spørsmål:

Spørsmål om kollektivtilbod på Skjersholmane ferjekai.

Ferjesambandet Skjersholmane- Ranavik er hovudsambandet mellom Stord/ytre del av Sunnhordland og Kvinnherad. Dette ferjesambandet er eit av få samband på denne storleiken i fylket vårt som heilt manglar kollektivtilbod. Sambandet hadde i 2020 ein PBE på 274797(Kjelde: Ferjestatistikk frå Stanens vegvesen). Næraste busshaldeplass er i dag meir enn 750 meter unna ferjeleiet.

Har Skyss planar om å få på plass eit kollektivtilbod på Skjersholmane ferjekai?

Avdelingsdirektør for mobilitet og kollektivtransport har følgjande svar:

Busstilbodet i området rundt Leirvik er basert på vedtak av «Trafikkplan Sunnhordland» i 2015. Trafikkplanen var utarbeidd gjennom ei rekkje møter med, og skriftlege innspel frå kommunane. Planen har eit tiårsperspektiv, og busstilbodet som er skildra i planen vart iverksett i 2017. Busstilbod til ferje ved Skjersholmane er ikkje peikt på i trafikkplanen, og det var heller ikkje busstilbod til ferjekaia i forkant av dette.

Slik busslinje 676 Ådland – Kårevik/Hornelandsvågen går i dag, er det ein «omveg» å køyre nedom kaien. For ei slik omlegging nedom kaien vil ein måtte vurdere fordelane med kopling mot ferjetilbodet sett opp mot i kva grad det vil bli opplevd som negativt for dei reisande som ikkje skal nedom kaien. Å køyre linje 676 nedom kaien vil ha ein meirkostnad på i underkant av 400' kr årleg.

Alle kommunar er nyleg inviterte til å kome med innspel til justeringar i rutetilbodet for 2022, i tråd med vedteken prosess for dialog med kommunane om årleg ruteendring. Det vil bli invitert til innspelsmøte, og frist for skriftlege innspel er sett til 31. januar. Dette vil vere ei god anledning for å fremme ønske som dette.